



Slo an tonen: Musikar Charles, drivar Morten og barsjef Karoline

Klokka 17 i ettermiddag var alt klart for opning av Systrene Nilsen.

Medhjelpar Endre Nilsen fekk flagga på plass.

Barsjef Karoline Neset var rusta med spanskinspirert drinkliste Musikar Charles frå London var som lova eit heilt orkester åleine. Drivar Morten limte opp dei siste plakata Dei første 2 gjestene kom to minuttar før tida.

Det heile rusla pent og roleg i gang, Morten hadde heller ikkje venta noko storinnrykk frå start, men hadde sterk tro på bra besøk utover kvelden.


Og imorgon kjem det nok enda fleire. Dei er ikkje minst velkomne klokka 14, for då skal farmor og mor til fleire av hovudaktørane ha hovudrolla: Hjørdis Nilsen, som no utruleg nok går i sitt åttiande år, skal klyppe ei snor over inngangen for å markera at familien har teke over ein ny bit av verksemda på Sanden.

Ho knyter saman tradisjonane som ingen annan på staden der ho er frå og starta som diskenspringar i svært unge år.

Ein av dei som fører desse tradisjonane vidare og som har Hjørdis som farmor er Karoline Neset (20). Ho studerar økonomi i Bergen, men har også gått på barskule på Mallorca og det har smitta over på tilbodet i restauranten. Til dømes kan ho by på fristande overraskingar med jordbær og mango som ingrediensar.

Ølprisen (0,4 liter) er 63 kroner denne sommaren men for å vera rasjonell kan du kjøpa eit heilt øltårn. Det rommar 2,4 liter og kjøpa på 360 kroner!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



- Skal det vera eitt tårn med øl?